



Arild Lillenes jobbar for eit spanande prosjekt på Eikelandet. (Foto: Kjell Magne Haugland)

Knappt 20 stykk hadde funne vegen til møtet som Uskedalen Utvikling arrangerte på måndag kveld. Her var det informasjon angående dei nye sjølveigande bueningane på Eikelandet, samt informasjon angående den nye kloakkplanen som Kvinnherad Kommune har for bygda.

Eikelandet

Dette byggjeprojektet er det Uskedalen Eigendom AS som står for. Bak selskapet står det tre eigarar: Arild Lillenes, Tungesvik Bygg og Bøvågen Service. Det var Arild Lillenes som var representant for selskapet, og han kunne fortelje at dei venta svar frå kommunen om teikningane vart godkjent innan 2-4 veker. Det dei har tenkt, er åtte sjølveigande bueningar med grøntareal, og felles kai. Om alt går etter planen, vil dei setja igong med arbeidet allereie til våren. Henvendelsane har ikkje lete venta på seg; dei har hatt førespurnad frå fleire stader i landet, der hovedvekta er kvinnheringar som vil heim att.

Selskapet satsar på å selja bueningane nøkkelferdige, men om nokon skulle ynskje å gjera noko av jobben sjølve, så er ikkje det noko stort problem. Det kan og vera ein ide å ha forskjellige prisklassar. Vel; det er mykje som står att, og det er mange utfordringar med eit slikt prosjekt. Dette gjer sjølv sagt sitt til at alle spørsmåla ikkje får noko konkret svar. Men dei teikningane forsamlinga fekk sjå på møtet, vart alt i alt tatt vel imot og haldninga var stort sett positiv. 'Vi kan vel ikkje dekorera kysten med berre rorbuer', var det ein som sa. Godt sagt.
uskedalen.no fylgjer utviklinga i prosjektet.

Kloakkplanen

Uskedalen har no fleire utslepp som rett og slett ikkje er gode nok om ein følgjer forureiningslova. No skal det ordnast opp i, og kommunen har satt av 10 millionar til dette prosjektet. Meininga er at ein skal starte opp til neste år, men dette er med forbehold om at grunnforhandlingane ikkje trekkjer ut.

Ein må og tenkja framtid, og då må kommunen leggja forhalda til rette slik at nybygg vil kunne kobla seg til utan noko større problem.

Kvinnherad Kommune, her representert av Sigbjørn Øye og Jorunn Røssland, la samarbeid med konsulent Trym Torvik frå firmaet Asplan Viak AS, fram to alternativ for utføring av planen.

Uansett alternativ, er det fire punkt som skal gjennomførast i Uskedalen:

- 1: Reinsa avløpsvatnet. Føra det til eigna djupne (20-40 m)
- 2: Samla utslepp
- 3: Lokale tiltak/forbetringar på avløpsnett
- 4: Kobla ut private septiktankar.

Det vil ikkje verta brukt energi for å få kloakken frå a til b. Her vil ein bruke dykkarledning, som vil fungera med hjelp av fall i høgde og/eller pumpe. Geografisk sett er det frå Korsneset, og ut til Eik planen gjeld. Men ein må ta hensyn til at denne planen vart laga for ti år sidan, og ein vil då måtte sjå på utviklinga mtp nybygg som er komen imellomtida. Ledningane kan heller ikkje leggjast for djupt, då dykkarar ikkje kan gå lenger ned enn 50 meter. Alternativ 1 har allereie fått endel omtale her på nettsida vår. Det er å leggja reinseanlegget på Neset, midt i Uskedalen. Her vert det utfordringar som til dømes vegsystemet.

Det meist omtala alternativet på møtet, er å leggja reinseanlegget til Børneset. Her vil det liggja utan private husstandar som næraste nabo, og vegløysinga er uproblematisk når det gjeld for større kjøretøy. Om ein skulle gå for dette, vil ein måtte ha ein pumpestasjon i sentrum, som til dømes ved skulen.

Eit anna valg kommunen må gjera, er kva slags anlegg ein skal ha. Eit sileanlegg, eller slamavskiller. Eit mekanisk sileanlegg er det dyraste, både å drifte og å bygge. Skal ein gå for dette, må ein ha 900 forbrukarar for å kunne forsvare valget. Det billegaste alternativet, er slamavskiller. Det er ein tank med fleire kammer, der vatnet går roleg igjennom.

No vert det spanande å sjå den vidare utviklinga av prosjektet. Styret i Uskedalen Utvikling vil verta ein høyringspart, og sjølv sagt dei som vert berørt.



Jorunn Røssland, Sigbjørn Øye og Trym Torvik informerte om den nye kloakkplanen for Uskedalen (Foto: Kjell Magne Haugland)